



Håvard Krøvel-Velle utkledd som Dustin frå Stranger Things, som er temaet i spelet til Håvard. «Løgnare Ting» er ei nynorsk oversetting.

Suksess med «Løgnare Ting» på Stødt

– Når folk kjem ut av rommet så ser ein på andleta deira att dei har hatt det kjekt!

Escape room-entusiast Håvard Krøvel-Velle kan melde at tilbodet på Stødt har fått mykje merksemd sidan det blei ein realitet. Han ser at publikum er engasjerte.

– I går hadde vi fire-fem grupper her. Responsen har vore bra og eg ser at folk er engasjerte. Sjølv om enkelte ikkje meistrar ting med det første så gir dei ikkje opp, seier Håvard.

Han registrerer at escape room-konseptet har livets rett i framtida.

– Dette tenkjer eg vi kan halde på med ei god stund til. Eg trur ikkje dette går av moten med det første. Folk likar godt spel og escape room blir



Her kan Håvard følge med korleis det går med deltakarane frå eit kamera.

nytta mykje på arbeidsstader, der det skal fungere som ein fin og sosial aktivitet der ein må samarbeide, seier Krøvel-Velle.

Familien til Håvard besøkte Stødt og hadde sin første tur inn i rommet for å spele. Dei fortalde til Møre-Nytt rett før dei for inn at dei hadde forventingar.

– Eg har ei forventing om at dette kjem til å verte vanskelig, men kjekt! Eg gler meg. Eg har ikkje sett Stranger Things så dette blir spennande, seier Silje.

Alva hadde prøvd eit escape room frå før, men ho gleda seg til å prøve onkel Håvard sitt.

– Dette blir kjekt! Sa ho. Og når gjengen kom ut av



Alva Grønnevik, Yaiza Deleon Krøvel-Velle, Silje Krøvel-Velle og Anita Krøvel-Velle hadde forventingar til spelet rett før dei gjekk inn.

rommet etter 45 min oppsummerte dei seansen slik :

– Det var vanskeleg ja, men veldig morosamt med! Ein må tenke litt på ein spesiell måte. Litt utanfor boksen. Ein måtte koble saman lys og tal f.eks. Eg anbefaler dette til andre! Sa Silje på vegner av gruppa.

BENDIK MORK FOLKESTAD
bendik.folkestad@morenytt.no

●● Det vart vanskeleg ja, men veldig morosamt med!

Silje Krøvel-Velle